

## Økonomiske tiltak frå regjeringa og Stortinget retta mot kommunane

Stortinget har i fleire omgangar fatta løyvsvedtak som rører kommunane:

- Auka skjønnsramme til kommunane 250 mill. kroner ([Prop. 52](#) og [tilhøyrande stortingsvedtak](#)) + 150 mill. kroner ([Prop. 67](#) og [tilhøyrande stortingsvedtak](#)) – til saman 400 mill. kroner
- Forskotering av mindreinntekter og meirutgifter som kjem ([Prop. 67](#) og [vedtaket](#)): 3,75 mrd. kroner til kommunane – innbyggartilskot.
- Auka eigenkapital i Kommunalbanken 750 mill. kroner ([Prop. 67](#) og [vedtaket](#)) – bidra til at Kommunalbanken kan refinansiere delar av lån som kommunar har teke opp i kapitalmarknaden

*Stortinget har vedtatt følgjande oppmodingar som regjeringa blir beden om å følgje opp:*

- "Stortinget ber regjeringa om å kompensere kommuner og fylkeskommuner for urimelige virkningar av skattesvikt, inntektsbortfall og merutgifter i forbindelse med håndtering av smittesituasjonen og endret økonomisk utvikling siden vedtatt statsbudsjett".
- "Stortinget ber regjeringa redusere arbeidsgiveravgiften med 4 prosentpoeng i 2. termin". KMD har anslått at for kommunane vil dette mellombels redusere utgiftene med om lag 1,6 mrd. kroner.
- "Stortinget ber regjeringa i samråd med KS komme tilbake til Stortinget med en endelig modell for hvordan tiltakspakken for aktivitetsfremmende tiltak fordeles."

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med konkrete forslag til oppfølging av oppmodingsvedtaka.

### *Kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling*

Regjeringa har varsla at staten vil kompensere for bortfall av inntekter frå foreldrebetaling i barnehagar og SFO. Forslag til kompensasjonsordning og løyving blir lagt fram i proposisjon 3. april.

### *Nærare om skjønnsmidlar*

Det er no løyvd totalt 400 mill. kroner i ekstra skjønnsmidlar i samband med koronautbrotet, som er meint å skulla dekke dei direkte meirutgiftene til kommunane knytt til utbrotet. 200 mill. kroner er allereie fordelte til fylkesmennene etter innbyggartal. [Fylkesmannen fordelte 15,627 mill. kroner til kommunane i Vestfold og Telemark 25. mars](#). KMD vil komme tilbake med fordeling av de resterande midlane så snart som mogleg. KMD presiserer at midlane berre kan utbetalast til kommunar. Tildelinga av ekstra skjønnsmidlar skal skje i tett kontakt og dialog med kommunane, og vere relatert til den aktuelle situasjonen.

### Skatteoppkreving

I [Prop. 57](#) som Stortinget har vedtatt, står det:

"Proessen med overføringa av skatteoppkrevinga fra kommunene til Skatteetaten har inntil nå vært helt i rute mht. overføring 1. juni 2020. Det er blant annet gjennomført organisasjonsendringer i Skatteetaten for å legge til rette for overtagelsen av nye oppgaver og ansatte. Avgivende kommuner har også gjort betydelig arbeid for å tilpasse egen organisasjon til overføring. Blant annet har de berørte kommunene i samråd med Skatte-etaten kartlagt alle berørte ansatte. Inntil i forrige uke var etaten i rute med å ha innplassering klar i april. Også arbeidet med nødvendige IT-tilpasninger er kommet langt og etaten har funnet lokaler til alle ansatte som skal over. Den pågående situasjonen med omfattende tiltak mot koronaviruset medfører imidlertid utfordringer for en overføring med god kvalitet og uten ytterligere risiko for stabil og sikker produksjon. Skatteetaten viser blant annet til

at klargjøring av lokaler, gjennomføring av innplassering og nødvendig opplæring kan bli vanskelig å gjennomføre innen 1. juni.

Skatteetaten har hatt dialog med KS og et utvalg kommuner for å vurdere konsekvenser for kommunene og hvilket overføringstidspunkt som vil være mest hensiktsmessig. Etaten anbefaler i brev 19. mars 2020 til Finansdepartementet at tidspunktet for overføringen av skatteoppkrevingen fra kommunene til Skatteetaten bør utsettes til 1. november 2020.

Finansdepartementet mener det i lys av den pågående situasjonen er fornuftig at overføringen likevel ikke gjennomføres 1. juni 2020 og har gitt sin tilslutning til Skatteetatens anbefaling om overføring 1. november 2020. Regjeringen kommer tilbake til Stortinget i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett 2020 med de budsjettmessige konsekvensene av tidsforskyvningen."

Som følge av utsettinga vil uttrekket frå kommuneramma for 2020 bli endra.

#### Kommunelova

- Regjeringa har foreslått mellombelse lovføresegner som gir rekneskapsrevisor lengre tid til å gi frå seg revisjonsberetningen for 2019, foreslått til 15. juni. Fristen for å vedta årsrekneskapen og årsberetningen for 2019 er foreslått forlenget til 15. september. Forslaga er nærare omtalte i Prop. 69 L kapittel 5, sjå <https://www.regjeringa.no/no/dokument/prop.-69-l-20192020/id2696365/>.
- Det blir elles ikkje lagt opp til å gjera endringar/unntak i økonomireglane i kommunelova, til dømes når det gjeld reglar for garantiar, lån og skilje drift/investering.
- Inntekter og utgifter som har tilknytning til koronakrisa, skal rapporterast i samsvar med KOSTRA-forskriften/KOSTRA-kontoplanen på lik linje med andre inntekter og utgifter i kommunane. Dette er viktig for at grunnlaget for KOSTRA-nøkkeltala skal bli mest mogleg riktig.

#### Framleggelse av kommuneproposisjon 2021 og RNB 2020

Kommuneproposisjonen blir lagt fram 12. mai. Det er planlagt at statsråden held eit innlegg som streames same dag som proposisjonen blir lagt fram. Dette kan følgjast direkte eller spelast av i etterkant.